

INNKJØPSSTRATEGI 2018-2025 FOR VINDAFJORD KOMMUNE

Vedtatt i K-sak 020/18

1. Føremål

Innkjøpsstrategien er eit forpliktande dokument som slår fast dei overordna måla for Vindafjord kommune si innkjøpsverksemd for perioden 2018 til 2025. Strategien skal vere retningsgivande for alt arbeid knytt til innkjøp. Strategien omfattar alle einingar og skal bidra til at Vindafjord kommune både opptrer og blir oppfatta som ein (juridisk) kjøpar. Strategien bør reviderast/vidareutviklast i løpet av perioden i takt med utviklinga på innkjøpsområdet.

Strategien bør reviderast/vidareutviklast i løpet av perioden i takt med utviklinga på innkjøpsområdet.

2. Mål

Det overordna målet for kommunen sine innkjøp er å nytte offentlege middel på best mogleg måte og slik sikre ei berekraftig økonomistyring som gir handlingsrom, jf. Kommunepleanen sitt mål 12, strategi 1: «Sikra og utvikla god økonomisk styring som grunnlag for gode tenester og føreseielege tilbod».

2.1 Hovudmål – ønskja posisjon

Vindafjord Kommune er ein attraktiv og profesjonell kunde som gjennom gode innkjøp sikrar gode tenester, og forvaltar offentlege midlar på ein mest mogleg ressurseffektiv måte.

2.2 Delmål

Hovudmålet skal nåast gjennom fylgjande delmål:

- Vindafjord kommune skal ha gode rutinar som sikrar at innkjøp skjer i tråd med lovar og reglar, og med omsyn til etikk og miljø.
- Kommunen skal bruke digitale verktøy i heile innkjøpsprosessen.
- Kommunen skal vere ein aktiv deltakar i og pådrivar for Innkjøps samarbeidet på Haugalandet, og vere ein naturleg samarbeidspartnar for andre offentlege aktørar.

3. Tiltak

Måla skal oppfyllest ved at kommunen skal:

- Følgje opp og vidareutvikle rutinar for heile innkjøpsprosessen, inkludert malar for anskaffingar, evalueringsskjema og protokollar. Rutinane skal vere elektronisk tilgjengelege for alle som gjer innkjøp i Vindafjord kommune.
- Sørgje for at alle som gjer innkjøp i kommunen er kjent med Vindafjord kommune sin innkjøpsstrategi og gjeldande lovverk, og har grunnleggjande kompetanse om innkjøp.

- Ta i bruk effektive elektroniske hjelpemiddel innfor innkjøpsområdet, i første rekke e-handel og konkurransegjennomføringsverktøy. Det skal og stillast krav om elektronisk faktura frå leverandørar som vil levere til Vindafjord kommune.
- Kartleggje innkjøp og bruk av rammeavtalar, behov og erfaringar ute i einingane.
- Følgje opp at det er lærlingar der lova krev det
- Gjennomgå innkjøpskriterier knytt til miljøfyrtårn-sertifiseringa og tilpasse rutinar for dei deler av organisasjonen som er sertifisert
- Vurdere livsløpskostnader
- Støtte opp om og jobbe aktivt for å styrke Innkjøps samarbeidet på Haugalandet, og vere med på flest mogleg rammeavtalar der det er føremålstenleg for Vindafjord Kommune. • Omtale innkjøp og oppfylging av innkjøpsstrategien i årsmeldinga.

4. Særlege tilhøve – Reserverte kontraktar

Vindafjord kommune vil leggja til rette for at tiltaksbedrifter skal sikrast moglegheiter til å vera anbydar på oppdrag frå kommunen. Med heimel i forskrift om offentlege innkjøp kan Vindafjord kommune reservera kontraktar for verksemder eller program som har som hovudformål å integrera funksjonshemma eller vanskelegstilte personar i arbeidslivet. Ved bruk av reserverte kontraktar er det kommunen sitt behov for varer og tenester som er styrande. Det er hensiktsmessig med bruk av reserverte kontraktar med tiltaksbedrifter spesielt innan følgjande område:

- Hage og anleggsarbeid
- Transport
- Kopieringstenester
- Kantinedrift
- Skilt
- Levering av frukt
- Vaskeritenester

Kommunen skal ved innkjøp innanfor desse avtaleområda alltid vurdere å reservera kontrakten for «tiltaksbedriften». Dersom ein for produkta/tenesteområda ovanfor vel å ikkje reservera kontrakten for «tiltaksbedriften», skal det gå fram av innkjøpsprotokollen kvifor. Regelen er eit unntak frå hovudregelen om lik behandling av leverandørane, då konkurransen vert avgrensa til verksemder der minst 30% av dei tilsette har ei funksjonshemming eller er vanskelegstilte.

5. Ansvar

Rådmannen har det overordna ansvaret for strategien. Leiarar med budsjettmynde er ansvarlege for at dei som gjer innkjøp er kjent med og følgjer innkjøpsstrategien, lovverk og rutinar. Alle som gjer innkjøp for Vindafjord kommune er ansvarlege for å vere lojale mot dei avtalane kommunen har inngått og forpliktar seg til å følgje gjeldande reglar og rutinar.